

Fra: Hopperstad, Thore (Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no)

Sendt: 12.06.2018 15:30:57

Til: Rolf Rosenlund

Kopi: Øyre Lars; Guro Klyve; Thorbjørnsen, Hans Petter; Golis, Natalia

Emne: Re: Bruravik ferjekai

Vedlegg:

Hei!

Takk for tilbakemelding på vårt møte.

Eit evt kjøp og mandat i høve tingingar om pris og øvrige vilkår må gjevest av Heradsstyret. Ulvik herad har siste heradsstyremøte før ferien i morgen. Vi vil difor ikkje kunne komme attende med svar før etter sommaren.

Mvh

Thore Hopperstad

Sendt fra min iPhone

> 12. jun. 2018 kl. 14:29 skrev Rolf Rosenlund <Rolf.Rosenlund@hfk.no>:

>

> Hei

> Syner til møte den 28. mai om Bruravik kai. Me har no henta inn ei vurdering av marknadsverdien av kaianlegget frå vår samarbeidspart på næringsmekling, Fana Sparebank Eigedom. Deira vurdering av marknadsverdien for anlegget er på 2,0 mill kr. Dette vil vera vårt krav for å overdra anlegget til Ulvik herad. Summen inkluderar kostnadane med oppretting av veg og innkøyringa til anlegget. Dersom Ulvik herad er interessert i å gå vidare med dette så vil me be Statens vegvesen føreta det praktiske med å inngå avtale og overdragninga. Eigedommen er ikkje tinglyst med eige gnr/bnr og ikkje registrert i grunnboka. Me imøteser tilbakemelding.

>

> Helsing

>

> Rolf Rosenlund

>

> -----Opprinnelig melding-----

> Fra: Hopperstad, Thore <Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no>

> Sendt: 28. mai 2018 18:55

> Til: Rolf Rosenlund <Rolf.Rosenlund@hfk.no>

> Kopi: Thorbjørnsen, Hans Petter <Hans.Petter.Thorbjornsen@ulvik.kommune.no>; Golis, Natalia

<Natalia.Golis@ulvik.kommune.no>

> Emne: Bruravik

>

> Hei!

>

> Takk for hyggeleg og konstruktivt møte i dag. Flott at de kunne møte oss på så kort varsel.

>

> Det var eit moment som ikkje vart nemnt i møtet i dag, når det gjaldt kostnadane på 1,3 millionar, som fylkeskommunen/ vegvesenet vil få i samband med planlagt utbetring på vegen og det er at denne kostnaden gjeld utbetring av fylkesvegen forbi Brakanes ferjekai og ikkje sjølve arealet som skal avhendast. Slik vi har oppfatta det, så skal denne utbetringa gjerast uavhengig av evt avhending av ferjekaien. Vi tenkjer at dette har relevans i høve til fastsetjing av pristilbod til Ulvik herad om kjøp av ferjekaien.

>

> Vi imøteser tilbod frå dykk om kjøp av Bruravik ferjekai.

>

>

> Mvh

> Thore Hopperstad

>

> Sendt fra min iPhone